



KARANTENEUTVALGET

opprettet ved kgl.res. 7. oktober 2005

Hildegunn Gjengedal
Vårannveien 8
0679 Oslo

Vår dato	Deres dato	Vår referanse	Deres referanse
22.juli 2010	13. juli 2010	201002744	

Vurdering av karantene og saksforbud ved overgang til stilling utanfor statsforvaltninga


Karanteneutvalet har teke avgjerd om at Hildegunn Gjengedal, ved å gå frå stilling som politisk rådgjevar i Landbruks- og matdepartementet til stilling som rådgjevar i Norges Bondelag, skal ileggast karantene i seks månader med verknad frå 1. august 2010 til 1. februar 2011.

Karanteneutvalet si grunngeving er at det ligg føre ein heilt konkret samanheng mellom stillinga som politisk rådgjevar og stillinga i Norges Bondelag. Karanteneutvalet legg til grunn at det kan svekka tilliten til forvaltninga om Gjengedal byrjar i stillinga rett etter at ho sluttar som politisk rådgjevar i Landbruks- og matdepartementet.

Karantene betyr at det er forbode å byrja i stillinga i Norges Bondelag før 1. februar 2011. Det er òg forbode å ha faglig kontakt med verksemda i denne tida.

Karanteneutvalet minner om at retningslinjene om informasjonplikt, karantene m. v. for politikere punkt 4 set krav om at politikaren, eit år etter å ha slutta i stillinga, har plikt til å informera om stillingar, verv og næringsverksemd m. v. som kan være problematisk i forhold til retningslinene.

Med helsing


Terje Dyrstad (e.f.)


Trond Rakkestad

Kopi: Statsministerens kontor
Landbruks- og matdepartementet
Norges Bondelag

Karanteneutvalget
Fornyings- og administrasjons- og kirke­departementet,
Postboks 8004 Dep, 0030 OSLO
Tel. 22 24 49 91/22 24 48 41
E.post: postmottak@fad.dep.no